



## SAKSPROTOKOLL

Arkivsak-dok. 20/08597

Arkivkode

Sakshandsamar Gunnar Bergo

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Utval for klima og miljø	01.06.2021	25/21
2 Heradsstyret	10.06.2021	38/21

### Uttale til revisjonsdokument for Arnafjord -Vikvassdraga

**Heradsstyret har behandlet saken i møte 10.06.2021 sak 38/21**

#### **Møtebehandling**

Saka vart handsama etter sak 36/21.

Hilde Lussand Selheim var saksordførar i saka.

David Inge Tveito (H) vart funne ugild i saka jf. Forvaltingslova § 6 andre ledd. Olav Farestveit (H) møter som vararepresentant i saka.

#### **Votering**

Samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Voss herad viser til saksutgreiinga og gjer framlegg om slik uttale;

Det må gjennomførast ei fiskefagleg vurdering der det blir vurdert om tilhøva for fisk kan betrast gjennom slepp av noko vatn til Jordalselva/ Nærøydalselva i periodar.

Det må undersøkjast nærmere om eit endra vassføringsregime med redusert massetransport i elva kan medføra negative konsekvensar for leveforholda til fiskestammene.

For å kunna gjennomføra ulike avbøtande tiltak i elva må regulanten oppretta eit fiskefond som ein del av revisjonen.

For å betra leveforholda til villreinen må regulanten delta i eit arbeid der ein nærmere vurderar avbøtande tiltak som kan betra funksjonaliteten i villreinområdet:

- Tiltak som lettar trekk over Rv13 sør for Skjellingavatnet (Skjelingen-Sendedalen) og på begge sider av Målsetvatnet (Hestavoll, Fosse, Målset).
- Tiltak som reduserer allmenn ferdsel på anleggsvegar i periodar der villreinen er spesielt sårbar.
- Fysiske tiltak i terrenget for å få tilbake passasje på vestsida av Målsetvatnet.

Regulanten må delta i eit arbeid med å utbetra vanskelege passasjar på viktige stiar i området. Dette bør kunna gjerast i eit samarbeid med verneområdestyret/forvaltaren for landskapsvernombordet.

